

Referat frå Nettmøte i Sunnfjord KFU

Tid:08.12.2020 19:00 – 21:00

Stad: Skype for Business

Oppmøte

Åge Stafnsnes (Sunnfjord Kommune)	Arne Eikeland (Førde Ungdomsskule)
Roger Eide (Slåtten Skule - Leiar)	Ivar Frøysland (Frøysland Skule)
Steinar Kleppe (Naustdal Skule – Nestleiar)	Monica Eldevik (Sunde Skule)
Marit Solveig Nedrebø (Sande Skule - Styre)	Ingvild E Øvrebø (Bygstad Skule)
Ørjan Stubhaug (Flatene Skule)	Trine Vallestad (Holsen Skule)
Ingeborg Grinde (Bygstad Skule)	Robert Frøysland (Frøysland Skule)
Hildegunn Hoff Hana (Viksdalen Skule)	Øyvind Korsøen (Førde Barneskule)
Pål Hegland (Halbrend Skule)	Linda Storøy (Viksdalen Skule)

Sak 1 – Informasjon frå Åge Stafnsnes

Vedtak i plan for framtidig bruk av skulane

<https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/plan-for-framtidig-bruk-av-skulane-i-sunnfjord-kommune-til-hoyring.15581.aspx>

Planen er lagt ut både på heimesida og i papirformat dersom ein ynskjer det.

Åge har oppmoda alle om å komme med innspel enten dei er direkte berørt eller ikkje. Alle som ynskjer det må gje tilbakemelding

Omfattande plan som tek føre seg ulike sider ved skulebruk. Planen er på om lag 70 sider.

- Mål og samandrag. Kva mål har vi for skulane i Sunnfjord Kommune
- Bakgrunn: Kvifor har ein begynt å jobbe med ein slik plan?
- Noværande skulestruktur: Kringsgrenser, oppbygging av klassane, status på skulebygg, framtidige krav til skulebygga og skulemiljøet.
- Samfunnsutvikling: Korleis utviklar folkeveksten seg. Elevtal og generell demografi. Har valgt å ta framskrivingar frå SSB fram til 2035. Det er ikkje alltid riktig så ein må inn og korrigere undervegs.
- Arbeidsmarknad. Kvalitetar og arbeidsmiljø ved skulane.
- Framtidig skulestruktur. Kva er det eigentleg som skal ut på høyring?

Det var lagt fram for formannskapet, og skuleleiinga la fram det dei meinte var fornuftig skulestruktur. Formannskapet vedtok å legge ut planen ut på høyring. Frist er 10.01.2020. Det er kapittel 9-5 ein skal gje innspel på.

Skulane skal være ein sterk skule med eit godt tilbod til alle. Formannskapet ber om høyring på følgane:

Formannskapet ber om høyring på desse tiltaka i fase 1 og fase 2:

Fase 1

- a. Karstad skule: Legge ned skulen frå 1.august 2021 og overføre elevane til Flatene skule 1-5 og Halbrend skule 6-10.
- b. Frøysland skule: Legge ned skulen frå 1.august 2022 og overføre elevane til Holsen skule.
- c. Vevring skule: Legge ned skulen frå 1.august 2023 og overføre elevane til Naustdal skule.
- d. Kringsgrensene på Bruland vert endra og elevane til Sunde skule.

Fase 2

- a. Viksdalen skule, ungdomssteget: Utgreiing våren 2024 om flytting av ungdomsskulesteget til Sande eller Førde i 2025.
- b. Flytte elevane på Førde ungdomsskule til Hafstad vidaregåande skule hausten 2025.
- c. Flytte elevane frå Førde barneskule til Førde ungdomsskule hausten 2025.
- d. Forslaget om å flytte Skei ungdomsskule til Vassenden skule vert flytta til fase 3.
- e. Kringsrensejustering: Ungdomsskuleelevar frå Haukedalen, Holsen og Sunde til ny ungdomsskule på Hafstad.

SMU og SU er viktige høyringsinstansar til dette.

Kommunen skal besøke skulane som er foreslått å skulle nedleggast. Dette skjer like over jul.

Spørsmål frå Arne Eikeland (Førde Ungdomsskule):

Førde Ungdomsskule var i Kommunen si skisse i fase 2. Veldig vanskeleg å uttale i dag seg ut ifrå økonomi og eignaheit så langt fram i tid. Kvifor må vi har ei høyringsuttalelse allereie no over nyttår? Også tenkt å sjå bygget brukt til andre føremål enn ungdomsskule – kva føremål?

Legger opp til ei ny runde med høyring i fase 2. Og det er meir fornuftig å legge inn eit innspel i denne runda og ikkje no. Det er eit stort bygg og kommunen må utgreie ulike bruksområdet. Dette er ein skule som ikkje har sløyd og mat og helse- dette må i så fall byggast om, og uteområdet må byggast om. Her må kommunen ha ei grundig utgreiing slik at skule og foreldre kan komme med eit skikkeleg innspel. I denne omgangen bør FAU/Skule spele inn kva kommunen bør vektlegge i utgreiinga som kjem.

Spørsmål frå Øyvind Korsøen (Førde barneskule):

Usikre grenser over kringsgrensene rundt Bruland. Skal dei som bur der få være med på å bestemme kvar grensene skal gå? Det er mange på Bruland som er misfornøgde

Planen som kommunen la til grunn. Pinndalen skal gå til Sunde, og dette ansjåast som grensa. Dersom Førde Ungdomsskule blir ved Hafstad er det fornuftig å holde på den grensa (Anmerkning: Her vart det litt utfordrande for referent å følgje med). Formannskapet er litt meir utydelige, men Åge legger til grunn deira antaking. Dette blir meir konkretisert i vedtak om kringsgrenser, og då blir det teikna kart osv. her må ein gi innspel på at det er lite tydeleg.

Spørsmål frå Pål Hegland (Hallbrend Skule):

Politikarane vil skyve på enkelte ting og vil ikkje bestemme seg no. Står sparekrava ved lag, eller vi dei også endrast. Dersom det ikkje gjerast noko med struktur, må dette takast frå drift.

Ja, det må sparast inn uavhengig fordi det er eit sparekrav på sektornivå. Det er ikkje heilt slik at politikarane skyver på ting, for politikarane har foreslått å legge ned tre skular. Dei tre skulane vil innløyse innsparingskravet.

Resultat av nasjonale prøver

Sunnfjord er marginalt over snittet i Vestland og nasjonalt for femte trinn. Dette gjelder for engelsk, lesing og rekning. Dette er Åge fornøgd med og er glad for at vi ligg over gjennomsnitta.

Det som er veldig gledelig er at Sunnfjord har ein god profil. Veldig få elevar som er på det lågaste meistringsnivået. Dette betyr at vi er flinke til å avdekke og følge opp elevar med særskilde behov.

På åttande trinn er vi marginalt under i engelsk, lik på lesing og marginalt over på rekning. Gutane er betre i engelsk enn jentene men er noko svakare på lesing. Dette kan knytast til online speling og kommunikasjon, medan jentene moglegvis lesar meir.

For niande trinn er vi likt i lesing og godt over rekning kontra landsgjennomsnittet.

Samla sett er resultatet bra i Sunnfjord Kommune og har eit godt utgangspunkt for å jobbe vidare for å beholde posisjonen.

5.Trinn

- Resultatet ligg over landssnittet og Vestland fylke
- Sunnfjord kommune har ein god profil, vi løftar dei svakaste elevane.
- Jentene har betre resultat enn gutane og i engelsk.
- Fleire gutar enn jenter på meistringsnivå 1

8.Trinn

- Utviklinga 5.-7. trinn noko svakare enn etter 4. trinn
- I lesing og engelsk har Sunnfjord kommune fleire elevar på meistringsnivå 1 og 2, i rekning færre enn landssnittet.
- Gutar er betre i engelsk på 8. trinn enn jentene.

9.Trinn

- I lesing er gutane ein del svakare G 52, J 57
- Gutane er betre i engelsk G 56, J 57
- Sunnfjord har ein god profil, med færre elevar på meistringsnivå 1 og 2 og landssnittet og Vestland fylke

Vidare arbeid:

- Rektor skal rapportere på resultata
- Fokus på korleis skulane har arbeidd med resultata og kva dei har lært
- Kome med konkrete tiltak
- Erfaringsutveksling i rektorkollegiet
- Arbeide for å utjamne variasjonar mellom skular

Åge sin forventning er at rektor gå gjennom resultata med FAU slik at skulane kan bli informert om status og vidare plan for dei konkrete skulane.

Jobben til skulane og kommunane er å plukke opp dei elevane som er på dei lågaste meistringsnivåa. Dette er viktig, og det viser seg at vi er flinke til dette – men vi må ikkje kvile på laurbæra.

Resultat av elevundersøkinga på kommunenivå

Skuleleiar har full oversikt over alle resultat frå elevundersøkinga. Kan gå inn og undersøke og følgje opp enkeltskular.


Enkelte kommentarar

- Motivasjon: Noko under landsgjennomsnittet. Kommunen har pønska mykje på dette, men greier ikkje å finne årsakane til det.
- Trivsel: Her ligg vi signifikant over landsgjennomsnittet.
- Mobbing: Her er det nulltoleranse og ingen skular er «grønne» før dei har 5.0 av 5.0 på dette punktet. Denne holder seg stabilt på eit kurant nivå, men her fokuserar Sunnfjord Kommune. Sterk oppfordring til foreldra å melde si bekymring.

	likke i det hele tatt	En sjelden gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Fleire ganger i uken	Snitt
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	1455	228	32	17	17	4,77

- Digital mobbing: Lite digital mobbing i Sunnfjord Kommune. Her er det også null-toleranse.
- Trygt miljø: Her er vi signifikant over landssnittet og det er ein jevnt og fin trend oppover.
- Praktisk opplæring: Her er vi noko under snittet. Her må kommunen jobbe betre.
- Støtte heimefrå: Veldig god score på støtte frå heimane! Kjempebra

16% av elevane viser både låg trivsel og låg motivasjon. Kven er dette og korleis kan vi hjelpe dette?



Konklusjonen er at Sunnfjord Kommune har eit godt utgangspunkt, men vi må fortsette å jobbe vidare. All mobbing er av høgste prioritet. Det vil alltid være nokon som kanskje svarar at dei blir mobba, men for Kommunen er det viktig korleis ein jobbar med mobbesaken.

KFU har dialog med Mobbeombodet i Vestland Fylke med tanke på opplæring og bistand i saker.

Spørsmål frå Roger Eide (Slåtten Skule)

Korleis kan FAU hjelpe i høvemed mobbing?

Det må bli ein diskusjon i FAU og SMU. Ein må diskutere kva for tiltak ein gjer. Korleis samhandlar foreldra? Ser elevane at foreldra har det kjekt saman og snakkar saman? Dette skapar gode haldningar barna mellom også. FAU/SMU må påsjå at skulane har gode verktoy til å førebygge, fange opp og handtere mobbing.

Innspel frå Øyvind Korsøen (Førde Barneskule):

Ikkje hatt veldig tydelege saker om mobbing i løpet av dei siste få åra. Det har vore mobbesaker... Han ynskjer at KFU har ei myldring på korleis vi kan jobbe med mobbing. Slik at vi får ein meir systematisk måte å jobbe på som er likt på dei ulike skulane.

Erfaringsutveksling og jobbing i KFU kan være konstruktivt i mobbesaken. Foreldre må også bli klar over resultatene frå denne undersøkinga.

Innspel frå Roger Eide (Slåtten Skule):

Gjennomgang av resultat saman med FAU og Elevråd. Dette opplevast som konstruktivt og ekte. Får gode innspel frå elevane. Dei har snakka mykje om kulturbygging og korleis foreldre kan være ein aktiv deltakar i skulekvardagen men også mellom kvarandre. Roger meiner at dette konseptet fungerer hos dei. Har dei ulike FAU ulike tankar om kva som kan fungere?

Sak 2 – SFO (Sak ved leiar Roger Eide)

Prisane går i snitt opp. Mange familiar har fått dårlegare økonomi og må kanskje prioritere vekk SFO. Det er ikkje alle som er komfortable med å sei at dei har det tøft økonomisk. Har ein sett ein trend i at folk velger vekk SFO?

Åge seier at det er ein positiv utvikling i antall barn, men at vi også er komnt nærare sjølvkost.

Det er to forhold som har bidratt:

- Endringar i tilbodsstrukturen. Det tilbodet dei hadde falt vekk og det tilbodet dei hadde vart dyrare. Det var langt frå sjølvkostprinsippet som vart lagt som utgangspunkt.
 - Tiltak 1: Redusert bemanning frå 1 per 15 barn til 1 per 16 barn.
 - Tiltak 2: Auke på 10% over eitt år (Eller to?). 5% frå 2019 til 2020 og frå 2020 til 2021. Dette legg seg på vanleg prisstigning (??).

Ingen skal betale meir enn 6% av bruttoinntekta si til SFO for alle barn ein har i SFO frå 1. til 4. Søknadsfrist 1. oktober, men søknadar etter dette blir også behandla.

Innspel frå Ørjan Stubhaug (Flatene skule)

Det er uklart om aleineforeldre og familiar der det er to foreldre blir rekna likt mtp. 6% av bruttoinntekt.

Det er den samla inntekta til familien som blir lagt til grunn. Han er litt usikker på akkurat korleis det er i situasjonar med oppbrudne familiar. Barn frå 5. til 7. med utfordringar og som kan trenge SFO får gratis tilbod. Dette er det staten som dekker og kommunen vil ikkje få utgifter med dette.

Sak 3 – Trafikktryggleik

Elevrådet ved Slåtten skulen har tatt opp spørsmålet «Korleis blir ein refleks så kul til at barna faktisk vil bruke den»? «Korleis får ein barn og foreldre til å bli flinkare til å bruke hjelm?». Skal skulane lage eigne refleksar.

Sterk oppfordring om å kontinuerleg jobbe med gode haldningar til å være fornuftig i trafikken. Sjå seg godt for når ein kryssar vegen og gå av sykkelen

Sak 4 – Framtidige møter

Er den foreslåtte møteplan OK?

- Onsdag 13. januar 19-21
- Onsdag 17. mars 19-21
- Onsdag 26. mai 19-21

Ingen innvendingar til dette. Dersom det er behov for det kan vi arrangere ekstraordinære møter.

Det må være høgt under taket, og det skal være låg terskel for å ringe til Roger eller Åge for å diskutere eller ta opp spørsmål og innspel.